



Illustrasjon **ARNE NØST**

STATSTEATER FOR FOLKET

Det var vel et år før jeg startet i jobben på Rogaland Teater i 2009 at Yngve Sundvor spurte om jeg ville være litt med i ei frigruppe han og noen ville starte.

Gjengen, Cato, Kim, Per, Gard og Yngve jobbet i institusjonsteaterfeltet, men ville fritt skape egen scenekunst gjerne i samarbeid med institusjonene, der de faste teatrene kunne få vise det Statsteatret til enhver tid skapte.

Så skrev Rogaland Teater en avtale med Statsteatret der Rogaland Teater så langt det lot seg gjøre skulle bidra til hjelp og visningsperioder, og i de første åra holde urpremieren og prøveperioden, samt støtte deres søknader til Kulturrådet, rett og slett fryd og gammen. Ideen om å skape ti forestillinger gjennom ti år om norsk historie fra 1006 til 2066 var vakker; kunst, underholdning og folkeopplysning i samme slengen.

Og de har levert; slapstick, Musical, drama, utrolige karakterer, diktning på faktagrunn, selvdreven avvikling i lyd og lys, western og harde håndklær, parykker og ulike gjestespillere, alltid mening i situasjonene, velkommen kjære publikum og vafler, komikk og såre tap, en odysse samlet sett som nå avsluttes med Atter en konge, eller?

Jeg jobber nå på Riksteatret og kan mellom oss røpe at det neste nye prosjektet for Statsteatret blir i samarbeid med oss, hele landets teater, de skal ut i Norge med proffe turnefasiliteter, men med Statsteatrets sær preg, dette sjærmerende mangehedede og litt spartanske teatervesenet som bjuder på, som overrasker og drives av kjærlighet til teater for folk flest, hver og en især.

Jeg gleder meg til fortsettelser!

ARNE NØST

TEATERSJEF RIKSTEATRET



Illustrasjon ARNE NØST

STATSTEATRET

Det har vært ti forrykende år i samarbeid med Statsteatret.
Det er stas at de ønsker å avslutte sin vei gjennom norgeshistorien
med premiere hos oss hvor det hele startet.
Det har etterhvert blitt en nasjonal kultevent når Statsteatret
kommer med en ny forestilling.
Det har vært mye energi, mye talent, mye lyd og mye kropp.
Mye av alt.

Og det er jo godt gjort når utgangspunktet er så minimalistisk.
De vil ikke ha så mange ting med seg ettersom ambisjonen er
å være et slags omreisende band.
Og selv om det er vakkert når en vennegjeng velger å forplikte
seg til et prosjekt over ti år, så er historien full av band som går
i oppløsning underveis.
Men nå står de på målstreken og har oppfylt løftet de ga hverandre
for 10 år siden.

Gratulerer med det!

GLENN ANDRÉ KAADA
TEATERSJEF ROGALAND TEATER



Illustrasjon ARNE NØST

NÅR COWBOYANE KJEM TIL BYN.

Kvar gong vi ventar på ei ny framsyning frå Statsteatret kjem det først ein kasse til teateret. I den ligg eit nytt kapittel av Norgeshistoria. Det er klart vi kikkar på kassen. Spente på kva som kjem til å utfalde seg frå den.

Men vi vert klokare i det cowboyane entrar manesjen her på Det Vestnorske. For allereie i det dei opnar kassen ser vi at det er i rommet mellom deira hender, kroppar og hjarte det skjer. I deira samspele og formidlarglede snarare enn i den sparsommelege staffasjen dei har med. I eit teaterspråk som skjærer inn til sjølve kjerna av kva kunsten vår er, oppstår det forbløffande og uventa ting. Dei nøye utvalde effektane som kan hentast ut av kassen er heilt og halde tufta på deira modige leik og kvalifiserte arbeid. Eit arbeid som eg sjølv trur bærer så godt, av di samarbeidet famnar så langt og breitt. Både i gjensidig skaparkraft og i tidshorisont.

Det er frydfullt inspirerande å være saman med desse kollegaene, av di dei minner meg på kva samspele og ensembleand er. Det er ei glede som teatersjef å kunne være med på å gje publikum opplevelingar som inkluderer dei og får dei til å kjenne seg velkomne på bruket. Det betyr mykje for oss her på teateret. Det betyr mykje for kunsten og publikum i det heile.

Vi her i Bergen helsar våre vener i Statsteatret med beundring og takksemld.

SOLRUN TOFT IVERSEN
TEATERSJEF
DET VESTNORSKE TEATERET



Illustrasjon **ARNE NØST**

FRA EN SVOREN VENNS BEKJENNELSER:

Jeg har jobba med teater i 40 år.

Når det gjelder scenekunst er det faktisk et øyeblikk som har vært den største øyeåpneren for meg:

Da jeg så *1814 En western fra vidda* på Trikkestallen høsten 2014.

Jeg gikk ut fra Trikkestallen jublende, berørt av en flott teateropplevelse, og tenkte: «Håkon, dette var strålende, men du har sovet i timen. Hvorfor har jeg ikke fanget opp dette prosjektet før?»

I åra etterpå har både jeg og Oslo Nye Teater hatt den store gleden av å ha et godt og nært samarbeid med Statteatret.

De har spilt *1880 Amerika*, *1930 Diktatoren* og *1950 – Spionen* på Trikkestallen, *1980 Aker Brygge* og *2010 Lollywood* på Centralteatret, og ikke mist 10-timers-kulthappeningen med de fem første Stats-teatret-forestillingene høsten 2016 på Trikkestallen. Vi som var der glemmer det aldri.

Det har vært en fornøyelse å ha dere i hus, det har vært en fornøyelse å samarbeide med dere, og vi opplever at det har vært en fornøyelse for vårt publikum.

I tillegg vil jeg si: **Makan til trivelige folk å kommunisere og samarbeide med har jeg ikke erfart før. Jeg har rett og slett blitt glad i dere, og regner dere alle som venner.**


Jeg vet at mine betraktninger om dette deles av veldig mange på teatret.

Jeg vil på vegne av meg sjøl og alle på Oslo Nye Teater takke for godt samarbeid, og ønske både Statteatret og alle involverte alt godt framover!

**LENGE LEVE CATO, GARD, KIM, MORTEN, PER og YNGVE!
LENGE LEVE STATSTEATRET!**

HÅKON LIEN

SALGGSSJEF OSLO NYE





1066

SLAGET VED STAMFORD BRIGDE

Fem velkledde herrer vil fortelle Norges historie på en ny, spenstig og menneskelig måte. De har som mål å være som et hyggelig band.

// KLAR TALE 01/05/2011 07:00 av CATHRINE KAHRS

Alle fem er erfarne folk fra teatret. De går fra jobb på forskjellige teatre til å drive for seg selv. 26. mai er det premiere på gruppa StatsTeatrets første forestilling på Rogaland Teater. Den heter «1066 – Slaget ved Stamford Bridge». Senere i år skal stykket også spilles på Piltingsrud Gard i Valdres og på Christiania Teater i Oslo. Det skriver nyhetsbyrået NTB.

– Vi liker å se på oss selv som et band, gjerne et dansiband. Vi vil lage hyggelig teater. Det skal ikke være vanskelig å forstå. Målet er å lage ti forestillinger. Alle skal være knyttet til et årstall i norsk historie. Det sier kunstnerisk leder Yngve Sundvor til NTB.

Sundvor har med seg de fire skuespillerne Gard B. Eidsvold, Kim Sørensen, Cato Skimten Storengen og Per Kjerstad.

– Vi kommer til å ta inn andre folk på nye stykker. Men minst to av de faste fem medlemmene av bandet kommer til å være med, sier Sundvor.

Alle medlemmene av gruppa stiller i dress. Det kommer til å gjøre i alle forestillingene. Det blir lite kulisser og rekvisitter. Meningen er at gruppa skal kunne dra på tur på kort varsel. De skal kunne ta med seg alt de trenger i fire kofferter.

– Vi trenger ingen stor turnébuss. Vi kan spille hvor det måtte være, i en leilighet, på en låve. Det er bare å ringe, sier Sundvor.

I dette første teaterstykket er handlingen hentet fra slutten av vikingtiden. Publikum blir tatt med til dagene før slaget ved Stamford Bridge i 1066. Sundvor har skrevet manus. Han har utviklet det videre sammen med de andre.

– Vi møter Harald Hardråde. Han er veldig deprimert. Hans sønn Olav sliter med vekten og et alvorlig forhold til Gud. Vi møter også dikteren Tjodolv. Han drømmer om å skrive en bestselger i en verden av folk som ikke kan lese. Den engelske jarlen Toste er også med. Han sliter sosialt og har et mulig problem med rus, sier Sundvor.

Alle skuespillerne har jobbet med regissør Yngve Sundvor tidligere. Noen av dem har spilt mot hverandre. Ideen var å samle folk med samme idé om hva teater skal være. De er fem karer som liker å jobbe sammen. Og det er her dette med band kommer inn. Sundvor sammenligner det vanlige teatret med et stort orkester. Der er det vanskeligere å bli enig om hvordan hver forestilling skal være. Da er det enklere med et lite band.

– Håpet er at flere kommer til å gjøre som oss, sier Sundvor.

StatsTeatret har planer om å lage et stykke i året i ti år framover. Da har de tatt for seg ti årstall i perioden 1066 til 2066.

– Vi kommer til å ta et framtidssarvel med 2066, sier Sundvor.

STATSTEATRET PRESENTERER:



SLAGET VED
STAMFORD BRIDGE

KIM SØRENSEN, GARD B. EIDSVOLD, CATO SKIMTEN, STORENGEN, PER KJERSTAD
REGI: YNGVE SUNDVOR

STATSTEATRET



Foto MARIUS HAUGEN

Forutsetningen for å få det til, er at det kommer inn nok penger. Sundvor kunne ønske å få penger fra en rik person. Men han må nok bruke tid på mange søknader. Kulturrådet har gitt 700.000 kroner i støtte til denne første produksjonen.

Neste produksjon kommer til å ta for seg året 1349. Da kom sykdommen svartedauden til Europa.



Foto MARIUS HAUGEN

StatsTeatret forpestar Tou

1349 PESTEN

StatsTeatret er tilbake.

Denne gong med ein musikal om svartedauden.

// AV MONICA LINDANGER

StatsTeatrets ambisjon er enkel, men likevel ambiøs: å fortelja noregshistoria frå 1066 til 2066.

I løpet av 10 forestillingar på 10 år skal den unge frigruppa ta føre seg dei viktigaste hendingane i vårt lands historie. Det første stykket var *1066 – Slaget ved Stamford bridge*, som hadde urpremiere på Rogaland Teater i mai i fjor og sidan har blitt invitert til scenar over heile landet.

1349 Pesten blir ein slags musikal med nyrekruttert bandmedlem Marit Andreassen i rolla som Pesta – ho som ofte sit aleine i baren fordi ho stadig mistar sine menn. Dei dør jo. Vil ho finna kjærleiken igjen? Og vil Pesta klara å halda fingrane unna?

PESTA LIGG STADIG OG LURAR

Med utgangspunkt i ein del fakta, oppfinnsame vriar og mykje prøving og feiling tar StatsTeatret tak i noregshistorias verste pandemi: svartedauden. Regissør og kunstnarisk leiar Yngve Sundvor har lese alt han har kome over om svartedauden.

– Forskjellen frå sist er at det med *1066 – Slaget ved Stamford bridge* dreidde seg om ei faktisk hending. Om svartedauden finst det mest segnsnuttar. Og dei er ofte ganske like: romantiske og korte.

Sundvor fortel at gruppa skal laga sin eigen variant av historia, som kanskje har litt fleire peikarar inn mot vår tid.

– Me vil sjå på korleis menneske forheld seg til pandemiar og kvifor me har ein hang til å ty til konspirasjonsteoriar når det skjer noko me ikkje forstår, fortel Sundvor.

Han meiner kriser hjelper menneske til endring:

– Vår teori om kvifor svartedauden ramma Noreg så hardt er at det var ei uvilje til endring. Svartedauden hadde òg positive effektar.

Utan endring kan me ikkje utvikla oss til det bedre, og Noreg var overbefolka rundt 1350. Så det er jo òg eit etisk dilemma. Og me vil aldri kunne knekka mikroorganismar. Epidemiar vil alltid dukka opp igjen i nye formar som til dømes aids. Pesta ligg der stadig og lurar.

Det er jo både fint og skremmande. Eg likar tanken på å levandegjera ein mikroorganisme.

FOLKETONAR I NY INNPÅKING

Det heile føregår i ein småby ein bortgjort stad i Noreg. Her held maktstrukturen seg ganske lik, alt er i stillstand. Heilt til ein framand kjem til byen. Han gjer rare ting som å vaska hendene, og blir utstøytt. Og så kjem pesten. Eller Pesta. StatsTeatret ville denne gong laga ein musical, for å utfordra og utvikla både seg sjølv og sjangeren. Og fordi musicalen falt seg som noko som ville passa bra i historia om svartedauden.

– Emosjonelt er jo musikk uovertruffent.

Det skal jo vera mykje hjertesmerte i teatret.

Men det blir lite stepping og slikt, seier Sundvor. StatsTeatret skal pussa opp norsk klassisk musikk, og laga country-rock-prega versjonar



Foto MARIUS STRØM



av komponistar som til dømes Edvard Grieg og Geirr Tveitt.

– Det blir folketonar i ny innpakking. Musikken skal få fram den westernaktige stemninga i norske småbyar, fortalar Sundvor.

Og til å arrangera musikken har StatsTeatret fått med seg Lars Horntveth, kjent frå gruppene Jaga Jazzist og The National Bank.

ALVOR, FAKTA OG SCENETØYS

Når ein skal jobba med StatsTeatret er det ein fordel å ikkje ha store kompleks, for her blir ting forkasta heilt fram til premieredagen.

– Me startar med eit utgangspunkt, ei skisse til korleis ting kan løysast. Men det kan fort bli forkasta. Og det er bra. Endring er stikkordet her. Det vil skje endringar heile vegen mot premiera, heilt til me er nøgde.

Alle må bruka maksimalt av seg sjølv, fortel Sundvor.

Og denne gong blir premiera i Maskinhallen på Tou scene.

– Det blir fint. Me får tru folk som går i teatret og finn vegen dit, seier Sundvor.

Men uansett scene; den statsteaterske oppskrifta blir den same som sist; alvor og fakta blanda inn i humor og scenetøys. Men kanskje blir serveringa denne gong kremlbollar i staden for vaflar?

STATSTEATRET PRESENTERER
KIM SØRENSEN † CATO S. STORENGEN † MARIT A. ANDREASSEN † GARD B. EIDSVOLD † REGI: YNGVE SUNDVOR

1349 PESTEN



Foto MARIUS STRØM

Dejlig dansketid

1537 DANSKETID

Gløym 400-årsnatt og mørke, deprimerande hundreår under Danmark.

I Statteatrets versjon, er Dansketida ei kjærleikshistorie.

Statteatret består i dansketida av **Kim Sørensen**, dokkeversjonen av Gard B. Eidsvold, **Per Kjerstad** og **Cato Skimten Storengen**. *1537 Dansketid* har premiere på Tou Scene 23. april. // STAVANGER AFTENBLAD 18/04/2013 av **JAN ZAHL**

Dansketida er på mange måtar eit mørklaft kapittel i Norges historie. Snakkar du med historikarar, finst det knapt noko å nemna frå denne epoken, seier Yngve Sundvor.

Regissøren og den kunstnariske leiaren i den frie teatergruppa Statteatret sit omkransa av danske flagg, ekte smørrebrød og falske "en lille en" på Scene 2 på Tou. Statteatret skal på ti å ta for seg ti sentrale hendingar i Norges historie, frå 1066 til 2066. Og etter *Slaget ved Stamford Bridge* i 1066 og *Pesten* i 1349, er turen nå komen til 1537 og *Dansketid*.

LUTHERSK TEATERTRUPP

Ytre sett handlar *1537 Dansketid* om ein mystisk dansk teatertrupp på veg gjennom norske fjordar for å frelsa frosne sjeler frå katolsk undergang. Men så handlar det kanskje like mykje om det Sundvor karakteriserer som "eit klassisk trekantdrama" – ei kjærleikshistorie – mellom Norge, Sverige og Danmark.

Bare for å ta historietimen først som sist: Norge var i personalunion med Danmark alt frå slutten av 1300-talet. Men då reformasjonen blei gjennomført i Norge, Danmark og Holstein i 1537, var det norske riksrådet oppheva året før – og norsk sjølvstende tapt.

– Norge gjekk frå unionsfellesskap til å bli eit lydrike under Danmark. Eller "koloni", om ein skal bruka eit litt styggare ord, seier Sundvor.

400-ÅRSNATTA

I 400-årsnatta under Danmark skjedde det ikkje stort med Norge utover tapet av Jämtland, Härjedalen og Bohuslän til Sverige midt på 1600-talet – ifølgje Sundvor.

Folk flest ga vel blaffen i om kongen sat i Bergen, Trondheim eller København.

– Når Ibsen og Wergeland snakkar om 400-årsnatta, kan ein få inntrykk av at det var 400 år med norsk motstand. Men folk flest ga vel blaffen i om kongen sat i Bergen, Trondheim eller København. Og så lenge dei hadde det bra – skattetrykket på norske bønder var det lågaste i Europa – var det sannsynlegvis heilt greitt å liggja under Danmark, seier Sundvor, og påpeikar ei viktig innsikt om ein skal forstå seg på Norge på 1500-talet:

– Det fanst ikkje noko nasjonalkjensle på 1500-talet. Den tanken eksisterte ikkje før etter den franske revolusjonen i 1789. – Det høyrest ut til at de har gjort litt research?

– Ja! Me går inn i den tida me skal skildra. Det historiske som ligg i botn, skal vera rett. Men så tolkar me altså. Og me tolkar altså denne tida som positiv for Norge.

NY KJÆRAST

I Statteatrets versjon, forelskar nemleg Norge seg i Danmark i Dansketida – og lærer seg å hata Sverige. Så når Danmark må gi frå seg Norge til Sverige etter Napoleonskrigane og Kielfreden i

STATSTEATRET

1537 DANSKETID

"EN DEJLIG KÆRLIGHEDSHISTORIE"



MED PER KJERSTAD, KIM SØRENSEN,
CATO SKIMTEN STORENGEN OG JOHN LILJA
REGI: YNGVE SUNDVOR

SPILLESTEDER OG BILLETTER:
WWW.STATSTEATRET.NO



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Plakat STIG HÅVARD DIRDAL



Foto MARIUS STRØM

1814, dreier det seg altså ikkje om at Norge
riv seg laus.

– Tvert om blir me overgitt av vårt kjære
Danmark til ei ny kjærast. Som me altså ikkje
vil ha, forklarer historielærar Sundvor.

Og ein stad inni alt dette, sit Schleswig, i form
av John Lilja, og spelar gitar.

FRITT TEATER

Medlemmene i Statteatret er garva teaterfolk

som har droppa fast jobb for å danna si eiga
gruppe – sitt eige band. Dei gjør det meste sjølv,
scenografi og verkemiddel må vera enkle og
effektive. Dermed er dei relativt billege i drift,
mobile og lette å flytta på.

Og som andre band, drar dei på turné med
prosjekta sine, som blir til i samarbeid med
Rogaland Teater.

– Me har premiere i Stavanger – som vanleg.
Så drar me til Det norske teatret i Oslo. Og så drar
me litt rundt. Det er s'gu dejligt, seier Sundvor.

1814 EN WESTERN FRA VIDDA

Statteatret feirar grunnlovsjubileet med ein western frå Finnmarksvidda, under mottoet "What happens on Vidda, stays on Vidda".

// STAVANGER AFTENBLAD 13/03/2014 av JAN ZAHL

– Me tar for oss den mørke sida av 1814, seier regissør og manusforfattar Yngve Sundvor.

Statteatret har akkurat vist eit par scener frå sin nye western: Ein ganske avansert skytescene som kjem til å bli ganske kul om han fungerer. Og sjølv sagt ein barscene som både involverer skyting, krangling og joiking. Og ein ballong.

– Me skal vera like tilgjengelege som alltid. Det skal vera ein fest å gå i teatret, seier Sundvor til Aftenbladet.

"1814" er det fjerde stykket Statteatret set opp. Nå har dei altså kome til 1814, unionsoppløysinga med Danmark, grunnlov og personalunionen med Sverige. Men mens resten av Norge feirar grunnlovsåret med brask, bram og nasjonalkjensla langt framme i brystet, ser altså d'herrer i teatret mot nord og ei heilt anna historie.

– Den samiske historia er fjern i den norske tanken. Me har masse kunnskap om indianarane i USA, men veit fint lite om våre eigne indianarar: samane, seier Sundvor.

Me skal koma tilbake til indianarane.

HISTORIETIME

Men først, litt historie, i veldig grove trekk: For Sundvor meiner altså at dei som budde i Norge levde i eit slags multietnisk samband i det dansk-norske riket fram til 1814, enten dei var

nordmenn, samar, eskimoar eller grønlendarar. Men så kjem unionsoppløysinga, skrivinga av egen grunnlov – og eit plutsleig behov for å trekka eigne grenser og definera Norge og nordmenn.

– Det var to folk i riket, men 1814 tok bare vare på det eine folket, seier Sundvor. For korleis skulle ein forhalda seg til nomadar? Til folk som snakka eit anna språk og tilhørde ein annan kultur – men som var innanfor grensene for det me kallar Norge?

– Samane var ikkje ein del av oss. Så dermed starta Norge eit fornorskingsprosjekt som skulle vara heilt fram til 1960-talet. Og kanskje fram til i dag, seier Sundvor.

– Den mørke sida av 1814, nasjonalkjensle og nasjonsbygging, er defineringa av eit "oss" og eit "dei"?

– Ja. Når "same" framleis kan vera eit skjellsord, handlar det om 200 års statleg rasisme.

WESTERN!?

Du spør deg kanskje om kva alt dette har med cowboyar og indianarar og western å gjera? Det er forståeleg. Men noko av poenget med Statteatret, er altså at dei leikar seg aktivt med sjangrar. Så i staden for kofter og skallar, går det i cowboyhattar, boots og klirrande sporar når dei skal ta for seg koloniseringa av sameland. Og – i Cato Skimten Storengens tilfelle – imponeerande bart og kinnskjegg.
– Eg hentar i barnehagen sånn. Det blir ein del

STATSTEATRET

1814

EN WESTERN FRA VIDDA
DUODDARA WESTERN

- REGI
YNGVE
SUNDVOR

CATO SKJELLEN
STØRENSEN
KIM
SORERSEN
GÅRD R.
EIDSVOLD
PER
KJEERSTAD
ERIK
KESKITALO

I samarbeid med Beaivvås Sámi Našunálateáhter og Rogaland Teater

Billetter og mer info | Bileahat ja eanet diedut

WWW.STATSTEATRET.NO



Plakat STIG HÅVARD DIRDAL



Plakat MARIUS STRØM

blikk. Ein del tør ikkje spørja, og trur vel at eg er sånn, seier Storengen.

– Det må vera ein slag guttedraum som går i oppfylling når du får spela sheriff?

– Det er akkurat så gøy som det ser ut, seier Storengen.

– Han var ikkje tilsnakkande i 24 timer etter at han hadde fått fatt i kostymet, avslører kollega Per Kjerstad.

SAMISK INDIANAR

Og så har Statteatret denne gongen med seg ein same, Egil Keskitalo. Utkledd som indianar.

– Samane er Norges indianarar?

– Ja, sjølv om historia ikkje har vore like blodig som i USA. Men det samiske folket har opplevd å bli fråteke ei rekke ting andre tar for gitt, som språk og kultur. Så det ligg ei ganske sterk historie bak dette skråblikket, seier Keskitalo.

Det neste nedslaget Statteatret skal gjera i norgeshistoria, blir 1880 og utvandringa til Amerika.

Men først skal "1814" ha premiere(r).

– Det blir ur -premiere i Kautokeino 16. april. Og så blir det Norges -premiere på Rogaland Teater 24. april. Det syns me jo er litt fiffig. Spørsmålet er om lesarane dine tar han, avsluttar Sundvor.

A tilbud you can't refuse

1880 AMERIKA

Statteatret inviterte Aftenbladet på lutefisk, for å snakka om utvandring, innvandring – og lutefiskmafiaen i syndens pøl Chicago. Det var jo eit tilbud you can't refuse.

// STAVANGER AFTENBLAD 10/03/2015 av JAN ZAHL

– På 1880-talet er det 20.000 nordmenn i Chicago. Dei skal ha sin lutefisk – kvar søndag etter gudstenesta. Og éin stad må dei jo få den lutefisken frå...

Yngve Sundvor vippar kniven illustrerande mot nakken med dissande lutefisk som ligg framfor han. Rett nok med ein bordkniv, som aldri kunne teke livet av nokon. Men likevel. Det er ein kniv.

– «Mafia» og «nordmenn» er liksom ikkje ord som kling så godt saman. Men kva er det eigentleg mafiaen gjer? Jau, mafiaen sørger for sine eigne. Mafiaen tek seg av familien...

I «Sopranos» benkar Tony og mafiamennene hans seg over italiensk mat på Artie Buccos «Vesuvio». Men når Statteatret førebur sitt nye, mafiøse Amerika-stykke, tar dei plass på City Bistro, og får servert lutefisk, sjølv om det er godt utanfor sesongen.

"1880 – Amerika. A tilbud you can't refuse", handlar om norsk utvandring til Amerika seit på 1800-talet. Men det er fortalt som mafiahistorie, om lutefiskkrig i syndens pøl Chicago, om norske familieverdiar og protestantisme.

– Familien me fortel om lukkast i Chicago. Men skal du lukkast i verdas mest valdelege by, må du kutta nokre svingar, seier Sundvor.

HALVEGS I HISTORIA

Når «1880» har premiere på Tou scene 24. april,

er Statteatret halvveis i sitt ambisiøse prosjekt. For fem år sidan gjekk skodespelarane Gard B. Eidsvold, Cato Skimten Sørensen, Kim Sørensen og Per Kjerstad saman med regissør Yngve Sundvor og donna friteatergruppa Statteatret. Dei ville likna meir på eit band enn på eit institusjonsteater.

– Eg har tenkt på det når me har humpa over Finnmarksvidda i ein gammal kassebil, at det var nettopp dette me ville: Reisa rundt som eit band og spela teater i alle avkrokar av landet, seier Sørensen, som du nyleg også har sett som biker i NRK-serien «Øyevitne», der kollega Kjerstad var mordar. Men det er ei anna historie.

– Det er ikkje openbart kva år i den norske historia me skal velja, og sjølv syns eg det blir vanskelegare jo nærmare me kjem vår eiga tid. Vikingtida og Svartedauden står som bautaer, det er verre å finna ut kva som har forma oss etter 2. verdskrig, seier Sørensen.

– Men eg syns me er blitt flinke til å relatera dei historiske hendingane me vel til problemstillingar i dag. Som utvandringa til Amerika på 1880-talet og innvandringa til Norge i dag, seier Eidsvold.

– Det eigentlege prosjektet vår er å behandla norsk samtid gjennom å ta for oss norsk historie. Har ikkje årstalet eller historia noko å seia for i dag, droppar me henne, seier Sundvor, som er den som skriv manus.

UT/INNVANDRING

Sundvor meiner det er meiningslaust å hevda at det ikkje skulle vera råd å samanlikna utvandringa av nordmenn på slutten av 1800-talet med dagens innvandring til Norge.

– Det har alltid funnest folk som har reist ut, som har halde på sitt, halde seg med kvarandre, som ikkje har tilpassa seg – og slik trakk nokon på tærne. Det er heilt naturleg, seier Sundvor.

135 år etter 1880 har nok dei fleste nordmenn eit lett romantisk syn på dei norske utvandrarane til Amerika. Me ser for oss det vesle huset på prærien, staute, arbeidsame nordmenn som var smille og blei likt av alle. Men Statsteatret vil pirka litt i det biletet.

– Me vil sjå bak det overflatiske. Då viser det seg at det finst andre lagnader. Til dømes hamna mange nordmenn i byar, ikkje på prærien, seier Sundvor, og leverer litt fakta:

Chicago var på eit gitt tidspunkt den tredje største norske byen i verda, med 50.000 nordmenn.

Det som på eit gitt tidspunkt var verdas største, norske avis, «Skandinaven», kom ut i Chicago.

Det var eigne gudstenester på norsk i Chicago så seint som i 1980.

Integrering?

- Nemn ein hobby, seier Sundvor plutseleg.
- Eh, fisking?
- Det hadde dei ei eiga norsk foreining for Ein til!
- Broderi.

– Eiga, norsk foreining! Dei hadde ei norsk foreining for alt i Chicago! Dei bygde opp sitt eige distrikt – Little Norway – og heldt seg der, med sine, seier Sundvor, og blir supplert av Eidsvold:

– Kan dette kasta nytta lys over dagens innvandringssituasjon i Norge?

– Ja, for du finn den same typen argumentasjon i dei amerikanske avisene på den tida som i norske aviser i dag. Om at nordmennene må bli amerikanarar – eller dra heim til Norge. Om at dei ikkje bare må halda seg med kvarandre, men integrera seg og tilpassa seg, seier Sundvor.

Ein heil del av nordmennene som drog, hadde eit tungt, protestantisk syn på verda. Fråhaldsrørla var viktig for mange. Til dømes var mannen bak USAs forbod mot alkohol (The Volstead Act), Andrew Volstead, son av norske innvandrarar.

– Kan me avsløra tesen vår om kva nordmennene inførte til USA? spør Eidsvold.

– Ja, svarer Sundvor: - At det var nordmennene som skapte sjølve dobbeltmoralen i USA. Som til dømes gjer USA til verdas største produsent av porno – men som ikkje toler å sjå ein pupp på tv.

MENNESKEHANDEL?

Det var dyrt å koma seg til Amerika på slutten av 1800-talet, så skulle du dra, måtte du ha noko å selja heime. Eller setja deg i gjeld, og gjerne selja deg sjølv. I arbeidet med "1880" har Sundvor oppdaga at det, bare i Oslo, fanst over 600 agentar som ordna reise for folk, i byte mot at emigrantane jobba då dei kom fram. Dei håpefulle kunne gjerne få ein dram og to før kontrakten blei henta fram...

– Det same skjer i dag. Folk blir lova gull og grønne skogar når dei reiser til Norge, men så blir det ikkje sånn. I staden møter mange eit beinhardt arbeidsliv og noko som liknar menneskehandel, seier Sørensen, som sjølv har vore med på å emigrera med familien, til Canada, i 1986. Han blei der i fem år, foreldra i sju, mens søstera bur der ennå.

– Eg var ivrig etter å læra meg språket og kulturen, bli ein del av mitt nye land. Foreldra mine viste ikkje same interessa, og heldt igjen. Her er det forskjell på generasjonane, som blant innvandrarar i Norge i dag, seier han.



Foto TOMAS KVITVIK

ENKLAVAR

– Ein har harselert mykje med Carl I. Hagen og Frp-enklavar på Spanias solkyst. Men det er altså heilt naturleg at folk vil halda seg med sine, seier Sundvor.

På eit visst tidspunkt var nordmennene overrepresenterte på sinnsjukehus i USA. Sundvor veit ikkje kvifor.

– Dei kan ha vore mistilpass. Dei kan ha sakna heimlandet. Dei kan ha mislukkast. Dei kan ha kjent på ei stor skam over å måtta reisa heim igjen. Det er ikkje desse historiene me har høyrt i ettertid. Sjølv om mange mislukkast, er det alltid vinnarane som fortel historia, seier Sundvor, som registererer at ordet "lukkejegar" har ein nokon annan valør når ein snakkar om nordmenn som drog til Amerika og samanliknar med innvandrar til Norge i dag.

FAKTABASERT

Om historiene Statteatret spelar ut på

scena er hakket meir skrudde enn det du finn i historiebøkene, ligg det altså kolossale mengder samvitfull research bak. Sundvor brukar grovt rekna halve året på research og manusskriving, og januar til juni på å setja stykket opp.

– Problemet er at det ikkje er skrive bøker om dei tinga me ser etter. Men sjølv om me skriv fiktive historier, bygger dei heile tida på noko reelt, på fakta, seier Sundvor.

I og med at dei er ei friteatergruppe med ambisjonar om å turnera som eit band, må medlemmene i Statteatret gjera alt det praktiske sjølv. Også dei tinga dei ikkje nødvendigvis er så gode på. Og så må dei laga produksjonar som er mulige å pakka med seg i ein kassebil.

– Ei stund var det pop med unplugged-formatet. Men dei som gjorde det bra, også i dette formatet, var dei som hadde noko å fortelja. Det har me. Statteatret fortel for oss alle.

Tid for gladfascisme på teateret

1930 DIKTATOREN

Når teppet går opp for Statsteatrets *1930 Diktatoren*, blir det fascisme med godt humør på scenen. Men under moroa ligg mørke sider som liknar litt for mykje på vår eiga tid. I *1930 Diktatoren* tek Statsteatret for seg den mørke framveksten av fascismen. På ein litt sånn glad og kabaretaktig måte.

// STAVANGER AFTENBLAD 30/03/2016 av JAN ZAHL

HARDE 30-ÅR

Det er nesten morgen, og Statsteatret har invitert Aftenbladet på havregrautfrukost på Rogaland Teater. Havregraut, ja. Me snakkar trass alt om dei harde 30-åra.

15. april går teppet opp for Statsteatrets sjette, nyskrivne stykke på ferda gjennom 1000 års norsk historie. Sist handla det om norsk utvandring til Amerika og lutefiskmafiaen i Brooklyn på slutten av 1800-talet. Denne gongen skal me til mellomkrigstida og framveksten av noko av det skumlaste som har verda har sett: fascismen.

1930 Diktatoren handlar om eit teater som går konkurs, om skodespelarar og teatersjef som risikerer å bli kasta ut i arbeidsløyse og armod. Men inn kjem barmfagre Hilda Hendriksen (Linda Mathisen) med pengar, sterke, politiske føringar og ein idé om å laga ein hyllest til den nye politiske stjerna på himmelen: Vidkun Quisling.

- Ho har ein litt annan stil, er ganske så forførerisk, seier Sundvor, som liker at "Den sterke mannen" i dette stykket er ei kvinne.
- For du veit aldri kor det kjem frå neste gong. Det har historia lært meg.
- Eg er ein særstark mann, ja. Og blir meir og meir av ein diktator, seier Mathisen.

HISTORIE OM NÅTID

Statsteatrets nye stykke handlar vel så mykje om nåtid som om historie – slik det også har vore tidlegare.

– Me har treft nåtida ganske godt med dei siste stykka våre, seier Per Kjerstad.

– Planla det dette då de la opp løpet på ti nyskrivne stykke over ti år?

– Nei. Planen var å ta for oss historia og sjå kvifor Norge og nordmenn er blitt som me er blitt. Me det er ekstra herleg når me treff godt med tematikken, seier Kjerstad.

– Ære være Sylvi Listhaug. Ho gjer det lettare for kulturbransjen, seier Sørensen, hoyrer kva han sjølv akkurat sa, og legg til: - Oi, den setninga trudde eg aldri eg skulle uttala.

Poengen er dette: Statsteatret ser ein del skremmande parallelar mellom mellomkrigstida og vår eiga tid.

– Me kan ikkje samanlikna dåtidas jødar med nåtidas flyktninger eller muslimar. Men me kan samanlikna oss sjølv med oss sjølv, og sjå på faktorane som låg bak framveksten av fascismen, seier Sundvor. Som vanleg har han lese svært mykje historie i utviklinga av manuskriptet som ligg til grunn for stykket.

– Frykt og arbeidsløyse er utgangspunktet for framveksten av fascismen i mellomkrigstida. Børsen fungerte ikkje lenger, arbeidsløsa gjekk opp, innvandring og flyktningstraumen auka, seier Sundvor.

INNVANDRING VS ARBEID

– Når innvandringsminister Sylvi Listhaug seier ho håper på mindre pengar til sitt departement,

- STATSTEATRET -



Plakat STIG HÅVARD DIRDAL

slik at ein heller kan bruka pengane på å bekjempe arbeidsløysa, då begynner det å lukta svidd i skuffa til han Sundvor, seier Sundvor.

- Var det stor innvandring til Norge på 1930-talet?
- Det kom ein halv million tyskarar til Norge etter Hitlers maktovertaking i 1933. Når norske medium i fjor omtalte "asylsøkjarar" 46.000 gonger – den rekorden blir slått i år
- og bruker ein retorikk om at det "fløymer over" av flyktninger, er det eit ekko frå 30-talet, svarer Sundvor – og legg til at norsk presses historie i møte med fascismen ikkje er særlig gloriøs.

– Fascistiske tankar var veldig vanlege på 1930-talet, både i politikken og i pressa. Det blir ikkje lett å skjønna at fascismen er problematisk når Aftenposten drar til Mussolinis Italia og lagar skryttereportasjer, seier Sundvor.

Og i det politiske livet var det ikkje bare Quisling som blei sjarmert.

- Anders Lange var fascist på 30-talet, men hamna på rett side under krigen. Sidan blei han rasist. Det er greitt å vita kor folk kjem frå, seier Sundvor om grunnleggjaren av det som mange år seinare skulle bli Fremskriftspartiet.
- Og Senterparti-folk kan godt vita om at avisene Nationen var det mest antisemittiske presseorganet på den tida, legg han til.

MELLOMKRIGSTID

Sympatisera med det fascistiske tankegodset gjorde også prominente folk som Knut Hamsun. Eller Fridtjof Nansen, som var blant stiftarane av Fedrelandslaget, den konservative propagandaorganisasjonen som på 30-talet blei kalla fascistisk.

– Det er lett å dømme i ettertid, når ein veit korleis det gjekk, men det var kanskje ikkje like lett då?

– Det fanst også kritiske røyster på den tida. Som Ragnar Vold, som skreiv 1400 artiklar der han åtvara mot farane ved fascismen.

Åtvaringane og dei kritiske opplysningane eksisterte, spørsmålet er kva dei gjengse oppfatningane blant folk flest var. Og me veit jo i dag korleis det enda sist, seier Sundvor.

- Det gjorde dei ikkje på 1930-talet – dei visste ikkje at dei levde i mellom krigstida?
- Nei, akkurat der var dei ganske teite, flirer Sundvor.

MASSEPSYKOLOGI

Sundvor skjønar at folk kan kjenna seg redde i det som kan kjennast som ei utrygg verd. Han ser at her er eit element av massepsykologi, som ikkje nødvendigvis er faktabasert.

– Fakta er kompliserte greier. Kanskje er kjensler viktigare. Sjå bare på Donald Trump i USA nå. For kvar løgn han serverer, di meir populær blir han. Har folk tilstrekkeleg mykje frykt i seg, drit dei i fakta. Dei vil ha løysingar. Dei vil ha ein sterk mann som kan visa handlekraft. Det blir viktigare enn folkestyre.

Alt dette skal altså behandlast på ein teater-scene i løpet av ein dryg times tid, med element av kabaret og revy inni sjølve stykket, ei herleg røre av underhaldning og politikk.

– Pressa og politikken går frå dag til dag og kan i sitt dagsordenjag ikkje bruka så mykje tid på fortida. Men det kan me som teatergruppe gjera. Me kan ta for oss fortida – sett frå i dag.

– Då kan de også få fortida til å passa til i dag?
– Ja, me leitar jo bevisst etter samanhengane. Me les oss opp på historia, og så kan me laga fiktive figurar for å fortelja noko om kva som faktisk skjedde, seier Sundvor.

– Og sjølv om me tek det som skjedde på alvor, går me inn i dette med humør. For det ligg mykje moro i alvoret, seier Kjerstad, før Sørensen kjem med følgjande lovnad/trussel:
– Dette blir den gøyaste politiske historietitten du har hatt.

Hallo, paranoia

1950 SPIONEN

Statsteatret og regissør Yngve Sundvor har kome fram til 1950-talet i sitt store historieprosjekt på Rogaland Teater. Premieren er mandag, mens det blir førprat om Rikets sikkerheit med Sundvor og Aftenblad-redaktør Lars Helle onsdag 5. april.

// STAVANGER AFTENBLAD 01/04/2017 av Kulturjournalist JAN ZAHL

– Eg ante ikkje at 50-talet var ei så paranoid tid. At Arbeidarpartiet overvaka seg sjølv. At kva telefon som helst kunne bli avlytta. At overvakingsapparatet var så enormt, seier Yngve Sundvor.

